



# Styremøte

---

## Tid og stad:

Tysdag 10. desember 2013 kl. 18.00 hos Anne Bjørg

## Saksliste:

1. Årsmøte
2. Idrettsskule
3. Innbrotssaka
4. Nissemarsj
5. Eventuelt

## Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor (ABB)
Nestleiar	Endre Vorren (EV)
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor (EVB)
Kasserar	Svein Helge Bringsvor (SHB)
Styremedlem	Knut Olav Skare (KOS)

## Referat:

**Sak 1:** Årsmøte vert 26. februar kl. 18.00. Valnemnda må få påminning om å starte arbeidet sitt.

**Sak 2:** Idrettslaget har tidlegare år fått bruke gymsalen til treningar for ungene. Kan få pengestønad dersom ein kallar det idrettsskule og får tiltaket godkjent. Må få på plass trenarar og ansvarspersonar. Det er no interesse for å starte opp att med treningar for ulike aldersgrupper. ABB tek kontakt med rektor. Få tilgang på salen frå nyttår til og med april.

**Sak 3:** Innbrotet på klubbhuset i juni. Konfliktrådmøtet som skulle vere i haustferien vart ikkje noko av. Vi må presse på for å få det gjort snarast. Kan ikkje la saka skli lenger fram i tid. ABB tek kontakt med konfliktrådet igjen.



**Sak 4:** Nissemarsj. Framleis ikkje for seint å melde seg til friidrettsforbundet som arrangør. KOS tek initiativ til å få i stand eit tiltak. Enten før jul eller i romjula.

**Sak 5:** Eventuelt. Møte i Arthur-samarbeidsgruppa onsdag. Bestemme fordeling av pengar. Sjutoppstur også neste år – legge opp til dialog med Rosenlund om samarbeidet. Nytt styremøte før årsmøtet – rekneskap, årsmelding m.m. vere på plass først.

Møtet ferdig kl. 19.45.